



Skodvin Montessoriskule
Skodvinsvegen 1
5956 HUNDEVIN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/3902 - 19/18201

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
11.06.2019

Fortsatt manglar ved søknaden - gbnr 94/1 Skodvin nedre

Tiltak: parkeringsplass
Byggjestad: Gbnr: 94/1 Lindåsvegen 1745
Tiltakshavar: Skodvin Montessoriskule
Ansvarleg søkjar: Alf Magne Kvalvåg

Sakens historikk

Kommunen viser til søknad motteke 28.12.2018 og etterfølgjande brev med førespurnad om komplettering datert 14.01.19. Det vart etterspurd informasjon om fire forhold. De sendte inn opplysningar 26.02.19, der de gjer greie for forholda. Vi kan ikkje sjå at det er redegjort for dei andre tre forholda.

I tilleggsinformasjon gjorde rede for ein ny plassering av avkjørsla. Ny plassering av avkjørsel ble 28.03.19 oversendt til vegavdelinga for ny uttale. Vegavdelinga ga tilbakemelding 08.04.19 om at dei ikkje godtok den nye avkjørsla.

I tida etter dette har både byggesaksavdelinga og vegavdelinga blitt kontakta av dykk ved Torbjørn Sætre. Sætre satte fram ei tredje løysing der avkjørsla ble flytta lengre sør/aust. Byggesaksavdelinga har konferert denne løysinga med vegavdelinga, der vegavdelinga gav negativ tilbakemelding i epost 04.06.19.

Vidare saksgang

De har i dag eit avkjøringsløyve for den plasseringen det først vart søkt om, datert 04.01.19. De har også ein dispensasjon i frå byggegrensa mot kommunal veg for parkeringsplassen datert 04.01.19. Derimot har de i ein endring søkt om ein anna plassering av både avkjørsel og parkering.

Vi ber dykk avklare klart kva plassering de ønskjer, både for avkjørsla og parkeringslassen. Vi rår til å søkja avkjørselen der dykk i dag har eit avkjøringsløyve. Vidare kan kommuna vurdere å gi dispensasjon for plasseringa av parkeringsplassen, dersom dere ønskjer å plassera han der dere opprinnelig søkte. Dispensasjonen må omsøkast. Dersom dere fortsatt ønskjer å plassere parkeringa slik vist i endringa, så må det lagast ein løysing som koblar parkering og avkjørsla samman.



I alle tilfelle må dei forholda vi etterspurte 14.01.19 sendast inn. Dette gjeld punkt 1 – nabovarsling, punkt 2 - tegningar og punkt 4 – ansvarsrettar. Dersom dere behold plasseringa som oprinnelig omsøkt, må også punkt 3 – dispensasjon i frå arealformål sendast inn.

For ordensskyld gjentek vi punktane her:

1. Eigedomar gbnr 94/2, 8 og 10 må få nabovarsel. Nabovarselet må følgje normale varslingsreglar.
2. Det må sendast inn teikningar som viser terrenginngrep som følgje av tiltaket. I det minste må snitt- og opprisstegningar vise eventuelle skjæringar og fyllingar.
3. Det må gjerast greie for korleis tiltaket er plassert i forhold til arealføremålet parkering i kommuneplanen sin arealdel. Innsendte situasjonsplan syntes å vise at tiltaket også vil ligge inn i arealformålet *Idrettsanlegg*. Dersom parkeringsplassen er plassert utanfor arealføremålet må det sendast inn grunnngjeven søknad om dispensasjon.
4. Tiltaket må krev at det vert sendt inn søknad om ansvarsrett. Det må sendes inn erklæringer om ansvarsrett for søkjar (SØK), prosjekterande (PRO) og utførande (UTF), samt gjennomføringsplan for tiltaket.

Vi kan ikkje behandle saka før dei opplysningane er innsendt, slik vi tidligare har varsla.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 23.07.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alf Magne Kvalvåg	Onesvegen 9	5956	HUNDVIN
Atle Utkilen			
Skodvin Montessoriskule	Skodvinsvegen 1	5956	HUNDVIN

Mottakarar:

Skodvin Montessoriskule

Skodvinsvegen 1 5956

HUNDVIN